

ÅRSMELDING



2024



Skipa 1954

INNKALLING TIL

ÅRSMØTE FOR HAFSLOVATNET GRUNNEIGARLAG

18.03.2024 - kl 20.00 på Lustraporten

Sakliste:


1. Opning
2. Godkjenning av innkallinga
3. Godkjenning av saklista
4. Val av ordstyrar og sekretær
5. Val av 2 medlemar til å skrive under møteboka
6. Årsmelding
7. Rekneskap
8. Disponering av evt. overskot
9. Fiskereglar
10. Fiskekortprisar
11. Innkomne saker
12. Val av styre etter lova
13. Val av leiar
14. Val av valnemnd
15. Godtgjersle til leiar, styre

Servering. Vel møtt til årsmøtet!

- Styret

Innhold

ÅRET 2024	3
Fiskekort, sport- og garnfiske	4
Kultivering	8
Grasvekst	9
Prosjekt	10
ØKONOMI OG EIGEDLAR	11
UTBYGGING AV ÅRØYVASSDRAGET	18
ARKIVSAKER	18
VEDTEKTER FOR HAFSLOVATNET GRUNNEIGARLAG	20
SLUTTMERKNAD	23



HAFSLOAURE 2024

ÅRET 2024

Styret i 2024 har vore samansett slik:

Leiar:	Olav Bremer	på val i 2025
Nestleiar:	Tom Idar Kvam	på val i 2025
Sekretær:	Olav Einan	på val i 2026
Kasserar:	Tommy Stein	på val i 2025
Styremedlem:	Roy Andre Lingjerde	på val i 2026
Varamedlemar:	Johannes Solvi	på val i 2025
	Olav Harald Alme	på val i 2025

Styre- og vara medlemmar vert valt for 2 år i gongen.

Valnemnd: Kjersti Eikum Tang (leiar)
 Helge Alme
 Valnemnda er på val kvart år

Godtgjering til styret

Leiar 1300 kr. Kasserar 500 kr. Øvrige styremedlemmar 150 kr pr møte.

Årsmøte.

I året 2024 har grunneigarlaget hatt 1 årsmøte.

Til stades var: Olav Bremer, Olav Einan, Roy Andre Lingjerde, Tom Idar Kvam, Herman Bremer, Nils Skjerven, Jan Magne Søhoel, Johannes Hillestad.

Medlemsmøte

Grunneigarlaget har hatt 0 medlemsmøte i 2024.

Styremøter

Styret har i alt hatt 1 styremøte og handsama 7 saker i 2024.

Fiskekort, sport- og garnfiske

Fiskekort

Gjennom ordninga med sal av fiskekort har grunneigarlaget gjort det mogeleg for alle å fiske i Hafslovatnet. Ordninga med sal av fiskekort er gjort i samsvar med retningslinene til Noregs Jeger og Fiskeforbund. Ved å løyse fiskekort får alle høve til å fiske både med stang, oter og garn i Hafslovatnet.

I 2024 var det Spar Hafslo, YX Hafslo og Kvam Guiding som har selt fiskekort for grunneigarlaget. I tillegg har nettsida inatur.no formidla sal av fiskekort på internett og via telefon. Ein ser at rundt 90% av fiskekort salet skjer gjennom inatur.no, dette er ein økonomisk fordel for laget, samt at det er svert arbeidssparande for styret, med automatisk sal og automatiske fangstmeldingar.

Fiskekortprisar

Døgnkort (datokort)	kr 150,-
Vekekort	kr 400,-
Årskort	kr 800,-
Årskort garn og sport	kr 1000,-
Vekeskort garn og sport	kr 600,-

Gratis fiske for alle under 18 år

Hafslovatnet grunneigarlag har sidan 2005 hatt gratis sportfiske for alle under 18 år.

Fiskekortprisar i liknande vassdrag


Lærdal, Borgunds elvi - Døgnkort kr 250, Vekeskort kr 1000, Sesongkort kr 3000

Hemsedal, Hemsila - Døgnkort kr 550, Vekeskort kr 2000, Sesongkort kr 3000

Jølster, Jølstravatnet – Døgnkort kr 120, Vekeskort 600, Sesongkort kr 1000

Fiskekortsalet frå 2010-2024

Tal er sal av fiskekort eks. mva, med fråtrekk av provisjon til seljar. Kjelde, rekneskapet.



Fisketider

Sportsfiske

Alle som løyser fiskekort kan fiske med oter , dorg og stang (sportsfiske) frå og med 1. januar til og med 30. september.

Alle under 18 år fiskar gratis. Andre kjøper sitt fiskekort på **www.inatur.no**

Som eit ledd i kultiveringa av Hafslovatnet vert alle fiskarar oppmoda om å avliva all fisk under 25 cm.

Likeeins vert fiskarane oppmoda om å ha minimalt uttak av fisk over 35cm. Kvote på avliving av maks 2 fiskar over 45 cm pr sesong pr fiskar.

Sportsfiskarar er pliktige til å levera fangstmelding.

Garnfiske

Grunneigarar med fiskerett, og fiskarar som løyser garnkort, kan fiske med botngarn frå 20.mai til og med 30. juni og frå 1. august til og med 31.august, maks moskevidde er 20 omfar (31mm). Maks 15 garn pr døgn pr grunneigar. Botngarn skal ikkje stå i vatnet mellom kl. 12.00 til 17.00.

I perioden 20.august til og med 31.august kan grunneigarane og fiskarar som løyser garnkort fiska med flytegarn, maks moskevidde er 20 omfar (31mm). Maks 6 garn pr døgn pr grunneigar. Flytegarn kan stå i vatnet heile døgeret.

Det er ikkje tillete å setja garn vest for Hungersandsholmen og Kadlastein. Grensa vert merka med kvit stolpe på kvar side av vatnet.

Alle garn skal merkast tydeleg med blåser og namn.

Alle garnfiskarar pliktar å levere fangstmelding som informerar om antal garn og antal fisk fanga.

NB! Det vil til tider føregå tynningsfiske i regi av Hafsløvatnet Grunneigarlag utanom garnfiske tidene.

Alle som fiskar på fullmakt frå grunneigarar, må senda slik fullmakt til leiaren.

Fiskerett

Av og til får styret inn brev frå folk som påstår at dei har fiskerett, det er dei som hevdar å ha fiskerett som har bevisbyrden, jamfør vedtekter.

Grunneigarar med fiskerett har rett til å fiske med garn, og stang vederlagsfritt. Medlemmar i husstanden til grunneigaren har også rett til fiske med stong vederlagsfritt.

Fullmakter

Det var i år 2 personar som fiska med fullmakt frå grunneigarar.

Fiskeoppsyn

Runar Hatlevoll har vore oppsyn for Hafsløvatnet grunneigarlag sesongen 2024.


Dei som ikkje har løyst fiskekort, får påbod på staden om å løysa fiskekort, betaling skjer via mobiltelefon.

Fangstrapportar frå garnfiske

Det er om lag 70 medlemmar i Hafsløvatnet grunneigarlag. 6 grunneigarar og 10 kortkjøparar har sendt inn fangstrapport. Alle som leverar fangsrapport innan fristen får eit nytt garn i premie.

Sesongen 2024 vart det fiska 1031 garndøgn, som resulterte i 2396 stk aurar på land. Tilrådinga frå fagpersonar er at Hafsløvatnet bør ha eit uttak via garnfiske på om lag 2000 garndøgn med 20 omfar garn, men må justerast for innsatsen i kultiveringsfisket.

Resultatet av fangstrapportane følger nedanfor.



Kultivering

Sidan 2017 har det kvart år vore utført eit storstila arbeid med kultivering av Hafsloauren i samarbeid med Innlandsfiske v/ Ingebrigt Tveite. Arbeidet er støtta økonomisk av Luster Kommune via fiskefondet.

Tynningsfisket i 2024 vart gjennomført som vanleg med godt resultat.

Sidan 2017 og tom. sesongen 2024 er det fiska opp 41 065 aurar!

I vatnet ser ein allereie gode resultat, i feitare aure, og meir aure med farge i kjøtet. Prøvefiskerapportar utført i av Per Ove Thune i 2019, 2020, 2022 og 2024 syner at me er på rett veg.

Samandrag frå prøvefiske rapport 2024


29. juli til 3. august 2024 blei det gjennomført prøvefiske i Hafslovatnet, Straumavatnet og Tverrbergsvatnet. Av fangsten vart det føreteke målingar av lengd, vekt, alder, k-faktor, kjønn, farge, magefyllingsgrad, parasitteringsgrad og modningsgrad. Samla fangst var 82 fiskar i Hafslovatnet, 63 fiskar i Straumavatnet og 86 fiskar i Tverrbergsvatnet. Ut frå fangsten på botngarna gir det ein tettleik på 13,7 fiskar pr 100 m² i Hafslovatnet, 14 i Straumavatnet og 20,3 i Tverrbergsvatnet. Bestanden av fisk kan ut i frå målingane av tettleik pr 100 m² karakteriserast som middels tett i Hafslovatnet og Straumavatnet og over middels tett i Tverrbergsvatnet. Den gjennomsnittlege lengda av gytehoene i Hafslovatnet, Straumavatnet og Tverrbergsvatnet var henholdsvis var 30,84 cm, 30,83 cm og 27,95 cm, og bestanden i vatna kan karakteriserast som ein bestand av fisk av middels storleik. Det blei føreteke planktontrekk i Hafslovatnet og Tverrbergsvatnet. Vatna har artar som kjenneteiknar vatn med låglandsfauna. I Hafslovatnet var fiskens gjennomsnittlege k-faktor 1,08, i Straumavatnet 1,08 og i Tverrbergsvatnet 1,07. Tendensen i kondisjonskurvene var positiv i Hafslovatnet, svakt positiv i Straumavatnet og svakt positiv i Tverrbergsvatnet. Dei eldste fiskane i Straumavatnet og Tverrbergsvatnet hadde lågare k-faktor, men kondisjonen til bestanden av fisk kan karakteriserast som bra i alle vatna. Samanlikning av vekstkurver frå prøvefiske i tida etter at tynningsfiske starta i 2017 i Hafslovatnet viste at den positive tendensen har fortsett i Hafslovatnet. Det har vore ei gradvis betring av veksten, og med ein tynnare bestand av eldre fiskar vil denne tendensen fortsette komande år. På åtte år er det teke ut 41249 fiskar som gir eit gjennomsnittleg uttak på 5156,1 fiskar pr år. Det tilsvara 8,04 fiskar pr hektar pr år. Samanlikning av vekstkurvene frå prøvefiske i dei tre undersøkte vatna viste at det var målbare skilnader mellom Hafslovatnet og dei to andre vatna. **Undersøkingar av veksten i Straumavatnet og Tverrbergsvatnet på 2000- talet tyder på at det ikkje har skjedd målbare endringar av fiskens vekst der. Fiskens vekst var seinare i desse to vatna enn i Hafslovatnet. Spesielt veksten etter kjønnsmodning var målbart betre i Hafslovatnet. Medan gjennomsnittleg lengd og vekt av 8 år gamal fisk var 45 cm og 1129,7 gram i Hafslovatnet var den 34,3 cm og 426,3 gram i Straumavatnet og 32,9 cm og 371,4 g i Tverrbergsvatnet.** I Hafslovatnet var alderstrukturen irregulær med relativt mange treåringar og få seks og sjuåringar. I Tverrbergsvatnet var den relativt regulær. I Straumavatnet var alderstrukturen irregulær med relativt mange sjuårige fiskar. I 2024 blei fisketidene for sportsfiske endra slik at det er felles fisketider for alle tre vatna. Det er ein nødvendig føresetnad sidan det i dag er sportsfiske som i stor grad regulerer bestanden i Tverrbergsvatnet og Straumavatnet. **Tverrbergsvatnet har ein relativt tett bestand av fisk, og det må vurderast om det skal opnast att for eit avgrensa garnfiske der.** Undersøkingar av mageinnhaldet viste at fjærmygg og vårfleger hadde størst volummessig betydning, og dei var og hyppigast førekomande. I Hafslovatnet blei marflo registrert i fleire fiskar, og hadde større volummessig betydning enn i 2021 og 2022. Stingsild hadde volummessig tyding i Hafslovatnet, og blei observert i 10 av 62 fiskemagar. Det var linsekreps i mageinnhaldet både i Hafslovatnet, Straumavatnet og Tverrbergsvatnet. Ved sida av marflo som er påvist i Hafslovatnet, har vassloppa betydning for raudfargen i fiskekjøtet. Fisk over 30 cm var lyseraud eller raud i kjøtet i alle tre vatna. Det var få parasittar på småfisken medan dei lengre og eldre fiskane hadde nokre parasittar.

Parasitteringsgraden var lågare i alle tre vatna enn det den var i 2022. Tre siste åra har uttaket av småfisk vore mindre. Det har ført til noko større tettleik av tre år gamle fiskar. **Det var relativt få seks og sju år gamle fiskar i bestanden i Hafslovatnet, og det bør vurderast å gå ned på tal garn og fisketider med garn komande år. Det bør forsett tynnast ein del i bestanden av småfisk slik at innsiget av småfisk ikkje blir for stort.** Målet må vera å etterstreva ein regulær alderstruktur. Då er veksttilhøva optimale og det er tilstrekkeleg med fisk av god storleik og kvalitet, slik at vatnet er attraktivt for sportsfiskarar. Det er viktig å følgje opp tynningsfiske med regelmessige prøvafiske fordi det kan sei noko om bestanden av fisk, og gi ein peikepinn på korleis tynningsfiske påverkar bestanden.

Grasvekst

Etter årelang kamp mot grasveksten tok me endeleg eit kvantesprang i 2020 og 21. Miljødirektoratet finansierte mekanisk opprydding av gras i Straumavatnet. Dette vart utført i regi av Luster Kommune, som leigde inn spesial entreprenør til dette arbeidet. Luster Kommune vil at ein no skal sjå ann utviklinga av grasveksten på dei områda som er renska før ein evt gjer fleire tiltak. Hafslovatnet Grunneigarlag meiner at ein kan fortsetja med tiltak, sidan med allereie veit kva som skjer i vassdraget når det får stå urørt, graset veks. Dette er grundig dokumentert gjennom dei siste ti-åra.

Luster Kommune og SNO sine siste stikkprøvar på utviklinga på grasveksten i Straumavatnet er at krypsivet er på veg tilbake etter renskinga.



STRAUMAVATNET, LÅG VASSTAND MED SYNLEG GRAS I OVERFLATA. FEBRUAR 2025

Prosjekt

Det vart sommaren 2024 arrangert kurs i garnfiske. Kurset hadde 4 påmelde, men kun 2 deltakarar gjennomførte kurset. Deltakarane fekk kursing i fiskegarnet sin funksjon, metode for utsetting av garn og merking av garn, samt val av garn fiskeplassar. Til slutt fekk deltakarane setja ut kvar sine to garn, med påfylgjande opptak av garn morgonen etter.

Hafslovatnet Fiskefestival vart gjennomfør tradisjonen tru i slutten av august. Elevar og føresette i 9.klasse ved Hafslo Skule gjorde ein fremragande jobb med arrangementet. Hafslovatnet Grunneigarlag støttar arrangementet med fritt fiske på festival dagen, gåvekort på fiskekort, samt pengegåve til premie som vert trekt ut blant alle deltakarane.

Hafslovatnet Isfiskekonkurranse vart også gjennomført i regi av Joar Søhoel. Det var godt oppmøte og ein fin dag på isen. Grunneigarlaget støttar arrangementet med fritt fiske på konkurranse dagen, samt pengegåve til premie.

ØKONOMI OG EIGEDLAR

RESULTATREGNSKAP

HAFSLOVATNET GRUNNEIGARLAG

Driftsinntekter og driftskostnader	2024	2023
Salgsinntekt	217 475	190 594
Sum driftsinntekter	217 475	190 594
Lønnskostnad	1 800	1 350
Avskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler	4 900	4 800
Annen driftskostnad	171 928	114 488
Sum driftskostnader	178 628	120 638
Driftsresultat	38 847	69 956
Finansinntekter og finanskostnader		
Annen renteinntekt	7 009	24
Annen finansinntekt	508	487
Resultat av finansposter	7 517	511
Ekstraordinære inntekter og kostnader		
Årsresultat	46 364	70 467
Overføringer		
Avsatt til annen egenkapital	46 364	70 467
Sum overføringer	46 364	70 467

BALANSE

HAFSLOVATNET GRUNNEIGARLAG

Eiendeler	2024	2023
Anleggsmidler		
Immaterielle eiendeler		
Varige driftsmidler		
Tomter, bygninger o.a. fast eiendom	158 749	168 315
Sum varige driftsmidler	158 749	168 315
Finansielle anleggsmidler		
Sum anleggsmidler	158 749	168 315
Omløpsmidler		
Fordringer		
Kundefordringer	7 856	3 940
Sum fordringer	7 856	3 940
Investeringer		
Aksjer og andeler i foretak i samme konsern	8 000	8 000
Sum investeringer	8 000	8 000
Bankinnskudd, kontanter o.l.	476 145	417 207
Sum omløpsmidler	492 001	429 147
Sum eiendeler	650 750	597 461

BALANSE**HAFSLOVATNET GRUNNEIGARLAG**

Egenkapital og gjeld	2024	2023
Egenkapital		
Innskutt egenkapital		
Opptjent egenkapital		
Annen egenkapital	630 345	583 981
Sum opptjent egenkapital	630 345	583 981
Sum egenkapital	630 345	583 981
Gjeld		
Avsetning for forpliktelser		
Annen langsiktig gjeld		
Kortsiktig gjeld		
Leverandørgjeld	10 500	0
Skyldig offentlige avgifter	9 906	13 481
Sum kortsiktig gjeld	20 406	13 481
Sum gjeld	20 406	13 481
Sum egenkapital og gjeld	650 750	597 461

RESULTATREGNSKAP – SPESIFIKASJON**HAFSLOVATNET GRUNNEIGARLAG**

		2024	2023
Salgsinntekt			
3000	Sal av fiskekort	-142 760	-152 184
3005	Salg driftsmiddel	-7 000	0
		-7	
3090	Opptjent ikkje fakturert inntekt	056	
3400	Tilskot drift	-56 825	-37 910
3620	Annen leigeinntekt	-500	-500
3800	Vinning avgang driftsmidler	-3 334	
		-217 475	- 190 594
Lønnskostnad			
5330	Styrehonorarer	1 800	1 350
		1 800	1 350
Avskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler			
6000	Avskrivning fast eiendom	4 900	4 800
		4	4
		900	800
Annen driftskostnad			
6540	Inventar og utstyr	39 791	11 604
6620	Reparasjon og vedlikehold utstyr	10 303	0
6705	Regnskapshonorarer	6 398	6 653
6791	Tynningsfiske	67 595	56 339
6792	Prøvefiske	10 500	0
6800	Kontorrekvisita	4 311	4 580
7000	Drivstoff	538	3 584
7210	Provisjonskostnad INATUR	19 091	17 688
7320	Reklame/annonser	2 922	564
7330	Premiar	0	1 846
7420	Gaver/gevingstar	5 000	3 000
7500	Forsikringspremier	5 220	4 856
7710	Møter	0	3 660
7740	Øreavrunding MVA oppgjør	1	1
7770	Bankomkostninger	257	113
		171 928	114 488

RESULTATREGNSKAP – SPESIFIKASJON**HAFSLOVATNET GRUNNEIGARLAG**

		2024	2023
Annen renteinntekt			
8050	Renteinntekter	-7 009	-24
		-7 009	-24
Annen finansinntekt			
8070	Andre finansinntekter	-508	-487
		-508	-487
Avsatt til annen egenkapital			
8960	Avsatt til annen egenkapital	46 364	70 467
		46 364	70 467

BALANSE – SPESIFIKASJON

HAFSLOVATNET GRUNNEIGARLAG

		2024	2023
Tomter, bygninger o.a. fast eiendom			
1100	Naust på Hafslo	48 077	50 077
1120	Bygmessige anlegg	52 088	54 188
1150	Nausttomt i Breiviki	10 500	10 500
1151	Nasttomt Prestgarden	7 000	7 000
1152	Brygger	0	14 800
1155	Andre grunnarealer	31 750	31 750
		149 415	168 315
Kundefordringer			
1500	Kundefordringer	800	3 940
		800	3 940
Aksjer og andeler i foretak i samme konsern			
1800	Aksjer i Sogn Skisenter AS	8 000	8 000
		8 000	8 000
Bankinnskudd, kontanter o.l.			
1920	Bank 07.21166	167 867	415 937
1921	Bank 56.43538	308 279	1 270
		476 145	417 207
Annen egenkapital			
2010	Eigenkapital	-613 955	-583 981
		-613 955	-583 981
Leverandørgjeld			
2400	Leverandørgjeld	-10 500	0
		-10 500	0
Skyldig offentlige avgifter			
		- 9	-13
2740	Oppgjørskonto merverdiavgift	906	481
		- 9	-13
		906	481

Eigedeler

Eigedel	Kommentar
Grindbygget på Soget	Bygd 2017
Tysse biltilhengar	2016 modell
Brenderup båttilhengar, kjøpt brukt	2019 modell
Nausttomt Prestgarden	Kjøpt 2005
Naust i Breiviki	Bygd i ?
Naust i Kalhagen	Bygd i 2006
Informasjonstavler	Soget, Straumane, Kalhagen og Osen
Postkasse for fangstmeldingar	Kalhagen
Garn og ruser	Kultivering
Øien 15ft Båt	Kjøpt brukt
17 ft Båt	Kjøp brukt 2024
Honda 8hk båtmotor, kort stamme	Kjøpt ny 2008
Honda 8hk båtmotor, lang stamme	Kjøpt brukt 2024

UTBYGGING AV ÅRØYVASSDRAGET

Gjeldande manøvreringsreglementet - Årøy kraftverk

I fylgje det noverande manøvreringsreglementet som vart iverksett 1.5.1983, skal vasstanden så vidt mogeleg haldast på kote 168,0 frå 1. desember til 1. april og frå 15. mai til 15. september, i alt 8 månader. Frå 1.april kan Hafslovatnet senkast, men ikkje under kote 167,2 som er lågaste regulerte vasstand (LRV). Det er tillete å auke vasstanden til kote 168,5, som er høgste regulerte vasstand (HRV), frå 15. september og fram til 1. oktober. Frå 1. oktober kan vatnet senkast til kote 168,0 innan 1. desember. Vasstanden i Hafslovatnet vert regulert med bruk av luke i dammen ved utløpet av Veitastrandsvatnet og luke i tunnelen mellom Veitastrandsvatnet og Soget, sameleis ved luke i utløpet av Hafslovatnet og luke i innløpet til tunnelen mellom Hafslovatnet og Årøyelva.

Årøy kraftverk:

- Byggetid frå desember 1980-mai 1983, Byggekostnad 265 mill, Installert effekt: Aggregat 1: 70 MW Aggregat 2: 20 MW Aggregat 3: 4 MW (Ligg ute i dagen og har vore i drift sidan 1943), Middelproduksjon 340 GWH, Minstevassføring : 3,5 m³ pr. sek

Magasin:

Veitastrandsvatnet

- Reguleringshøgd: 168-170.5 m.o.h, Magasinvolym: 45 mill. m³, Magasinvolym: 45 mill. m³, Nedslagsfelt : 385 km²

Hafslovatnet

- Reguleringshøgd: 167.2-168.5 m.o.h., Magasinvolym: 7.8 mill. m³, Nedslagsfelt: 56 km²

Revidering av konsesjon

Konsesjon for Årøyvassdraget kan reviderast frå og med 2022. Styret er i gang med arbeidet.

ARKIVSAKER

Hafslovatnet grunneigarlag vart skipa i 1954.

Dei viktigaste sakene styret har arbeidt med sidan grunneigarlaget vart skipa, har vore kultivering av fiske og å ivareta grunneigarane sine interesser i kraftutbyggingssaker, fuglereservatet og å hindre ureining av vatnet.

Viktige hendingar og saker

- Sogabruv vart bygt 1895 med veg til Telgneset
- Sogn Travelskap skipa 1887. Christen Knagenhjelm formann
- Bygging av Årøy kraftverk 1943
- Regulering av Hafslovatnet, nåledam 1947
- Hjallis på Hafsloisen 1952
- Hafslovatnet grunneigarlag skipa 1954

- Straumbrua vart bygt 1954
- Opning av vegen til Veitastrond 1956
- Bygging av taubane frå Soget til Simosete 1957
- Hafslovatnet Rundt for første gong 1962
- Bygging av veg frå Båtstøbakken til Straumbrua og vidare, 1969
- Bygging av høgspenlinje over Straumane 1970
- Bygging av kraftlinje til hyttene i Straumane 1970
- Bygging av ny bru på Soget 1980
- Bygging av kloakknett med utslepp i Sognefjorden 1982
- Bygging av veg frå Soget til Hesvollen 1983
- Bygging av nye Årøy Kraftverk 1983
- Hafslovatnet Fuglefredningsområde 1991
- Bygging av ny Straumbru 1996
- Bygging av vegar frå Straumbrua til Tubba og til Toskemarki 1996
- Bygging av Hafslo Vassverk som forsyner Hafslo, Solvorn og Indre Hafslo 2003
- Opning for gratis fiske for dei under 18 år 2005
- Skogsbilveg Osen – Simosete ferdig 2010
- Forvaltningsplan for Hafslovatnet Fuglefredningsområde ferdig 2015
- Taubana frå Soget til Simosete vert riven, 2015
- Parkeringsplass for fiskarar på Soget, ferdig 2016
- Grindbygg på Soget, ferdig 2017
- Opna for sal av garnkort sesongen 2019
- Frå 8 hk til 10 hk båtmotor utanfor Fulgefredningsområdet 2020
- Istandsetting av gangbruene på Soget 2020
- Mekanisk fjerning gras i Straumavatnet 2020/21

VEDTEKTER FOR HAFSLOVATNET GRUNNEIGARLAG

Vedtekter for Hafslovatnet Grunneigarlag pr. 2022

§ 1 Området til Hafslovatnet Grunneigarlag omfattar Hafslovatnet, Oselv ifrå Venjumshola, Straumen, Torskjersvatnet, Tverrbergsvatnet, Sogeelvi og Veitastrandsvatnet fram til Sundsholmane.

§ 2 Hafslovatnet Grunneigarlag har som føremål å nytte ut fiske i området som næring og å fremja fiske i samråd med fiskesakkunnige, likeeins jakt på ender og andre fugleartar i området.

§ 3 Dei som har høve til å vera medlemmar i laget er:

- A. Eigarar av grunn-eigedomar **med fiskerett** som grensar til vassdraget til laget.
- B. Der det ved jordskifte er stadfesta at eigaren har del i sameiga **med fiskerett** som grensar til vassdraget.
- C. Ved tvilstilfelle pliktar den som vil bli medlem å visa fram tinglyst skøyte på sin eigendom.

§ 4 Laget har full disposisjonsrett over medlemmane sin fiskerett innanfor laget sitt området. Laget disponerar retten til jakt på ender og andre fugleartar i området.

§ 5 For å fremja føremålet til laget kan laget stå som medlem av distriktslag, fylkeslag eller anna samarbeidsorgan innanfor større område.

§ 6 Grunneigarar **med fiskerett** har rett til å fiske med garn i den tida årsmøtet vedtek. Talet på fiskegarn pr. familie med barn opp til 16 år, vert fastsett av årsmøtet.

§ 7 Grunneigarar som ikkje er medlemmar av laget og som vil freda si strandlinje har ikkje rett til å fiske i sameiga til grunneigarlaget.

§ 8 All ureining i området til laget er forbode.

§ 9 Innmelding i laget skjer ved underskrift av vedtektene i møteboka. Kvart medlem skal ha eit eksemplar av vedtektene. Alle innmeldingar skal godkjennast av styret. Medlemskapet gjeld for 5 – fem år – om gongen og vert automatisk forlengja for nye fem år dersom ikkje utmelding er sendt til styret skriftleg innan utgangen av inneverande 5 års periode. Oppseiingsfristen er 2 – to – år og oppseiinga må meldast skriftleg til leiaren i laget.

§ 10 Laget skal leiast av eit styre på 5 medlemmar med felles vara. Styret er vedtaksført når minst 3 medlemmar er til stades. Ved likt røystetal har leiaren dobbelrøyst. Møter berre 3 medlemmar må alle vedtak vera samrøystes.

Styret skal gå inn for å fremja føremålet til laget og skal m.a:

1. Ta seg av laget si eige.
2. Setja i verk tiltak for opphjelp av fiskebestanden.
3. Passa på at det ikkje vert fiska for hardt.
4. Syta for at fiske i laget sitt området vert gjort på beste måte.
5. Syte for effektivt oppsyn og tilsetje fiskeoppsynsmann.
6. Melde frå om ulovleg fiske i laget sitt område.
7. Skape interesse for laget og få nye medlemmar.
8. Når årsmøtet har gjort vedtak om ei sak, er styret bunde av dette. Elles er styret berre bundne av laget sine vedtekter.

§ 11 Vanleg årsmøte skal haldast ein gong kvart år innan utgangen av april månad. Leiaren i laget kallar inn til årsmøte ved lysing i lokalavisene og oppslag med minst 2 vekers frist. Sakliste skal leggjast ut på ein høveleg stad for gjennomsyn for medlemmane. Rett til å møte på årsmøtet har berre medlemmar i laget. Eit medlem kan møte med skriftleg fullmakt og røysta for eit anna medlem, men ikkje for fleire. Ein person innanfor eit medlem sin husstand kan møta med skriftleg fullmakt og representera vedkommande medlem. Årsmøtet vert leia av leiaren i styret. Ved likt røystetal har leiaren dobbel røyst. Dette gjeld ikkje ved val.

Årsmøtet skal:

1. Handsama årsmelding frå styret, rekneskap og budsjettforslag.
2. Velje styre med leiar. Styret vel sjølv nestleiar. Årsmøtet vel styre for 3 år om gongen, 2 stk går ut ved loddtrekning etter 1 år, 2 stk går ut etter 2 år og 1 etter 3 år, etter den rekkjefylgja laget har i dag. Ein vel felles vara, 1. og 2. for 3 år om gongen.
3. Ta avgjerd om disponering av overskotet ved laget si drift.

4. Velje to revisorar med vara.
5. Gjera vedtak om heil eller delvis freding av fiske innanfor lova sine grenser.
6. Fastsetje prisar på fiskekort.
7. Handsama andre saker som styret legg fram og som er medtekne i innkallinga. Saker som medlemmane vil ha fram på årsmøtet må vera komne inn til styret innan 01.januar før årsmøtet vert halde. Ekstraordinært årsmøte vert halde når styret eller minst 1/3 av medlemmane forlangar det. Det skal førast møtebok over alle saker som vert handsama.
8. Årsmøtet kan ikkje gjera bindande vedtak i andre saker enn dei som er nemnt i innkallinga.
9. Styret skal ha godtgjersle for sitt arbeid for laget. Årsmøtet skal fastsetje godtgjersle for kvart år.

§ 12 Ingen kan driva fiske i laget sitt området utan å løysa fiskekort eller inngå leigeavtale med laget. Fiskekort kan ikkje overdragast. Grunneigarar som fredar si strandlinje, har ikkje rett til å fiske i sameiga til laget. Fiskekort må alltid takast med på fiske og førevisast når nokon som sjølv har kort eller viser nødvendig legitimasjon forlangar det. Grunneigarar er fritekne for å løysa fiskekort. Andre må løysa fiskekort for sportfiske.

§ 13 Laget vert forplikta av leiaren saman med nestleiaren.

§ 14 Laget sine medlemmar pliktar å ta i mot val som tillitsmenn i laget, men kan seia ifrå seg slikt val for like lang tid som vedkommande har fungert som tillitsmann.

§ 15 Alle vedtak på årsmøtet vert gjort med vanleg fleirtal. Til endring av vedtektene må det vera 2/3 fleirtal.

§ 16 Laget kan oppløysast med 2/3 fleirtal av eit årsmøte etter at det har vore føreslege på føregåande årsmøte. Minst ½ av medlemmane må vera tilstades. Dersom det ikkje møte mange nok, kan forslaget vedtakast på nytt årsmøte med vanleg fleirtal mellom dei som møter. Før oppløysinga må alle bortleigeforhold vera avvikla og alle plikter dekkja.

§ 17 Alle tvistar mellom laget og medlemmane eller mellom medlemmane innbyrdes vert avgjort av ein voldgiftsrett på 3 medlemmar. Av desse vel partane eit medlem kvar. Leiaren vert oppnemnd av sorenskrivaren i Indre Sogn.


§ 18 Alle brot på vedtektene til laget er straffbare og brot vert meldt til politiet. Leiaren og nestleiaren har fullmakt til å gje fråsegn til politiet om at brot på vedtektene skal straffast.

Vedtektene er utarbeidde av styret i grunneigarlaget i samråd med høyesterettsadvokat Erik Bryn, Oslo, 1982.

Vedtekter med endringar vart lagt fram på årsmøtet i 1996 for godkjenning.

Vedtekter med endringar vart lagt fram på årsmøtet i 2022 for godkjenning.

-Styret for Hafslovatnet Grunneigarlag



HAFSLOAURE SOMMAREN 2024



STORAURE I SOLSKIN, FOTO: SIGVE URNE

SLUTTMERKNAD

Gjennom ordninga med sal av fiskekort har grunneigarlaget lagt til rette for at alle kan fiske i Hafslovatnet. Hafslovatnet grunneigarlag arbeidar for å tilby fiskarane eit vatn med ein aurestamme av ypparste kvalitet. Med storslagen natur, lett tilkomst, og etter kvart aurefiske i landstoppen, vil Hafslovatnet verta ein viktig bidragsytar til lokal verdiskaping. Samstundes vil Hafslovatnet vere ei viktig kjelde for rekreasjon og gje gode høve til hausting av aure av god kvalitet.

Fangstrapportane og registreringar frå sportsfiskarar viser at det er teke opp mykje fisk i vatnet, men med mindre storfisk enn på 90-talet. Styret meiner at det må arbeidast vidare med tiltak for å byggje opp stammen av storfisk i Hafslovatnet. Styret arbeider difor no med eit omfattande tynningsprosjekt i vatnet, som inneber innleigd eksperthjelp og ein solid dose dugnadsarbeid frå styret og sportsfiskarar. Prosjektet er avhengig av økonomisk stønad frå fiskefondet i Luster Kommune.

Problemgrasveksten krypsiv erobrar større og større områder. Gyteplassane for auren er i ferd med å gro att. Det har i ei årrekke vorte utført infrysingsforsøk, og fleire er under planlegging, og kontinuerleg dokumentasjon av situasjonen pågår. Hausten 2020 og 21 vart det utført mekanisk fjerning av gras i Straumavatnet. Kampen mot graset fortset.

Målet til grunneigarlaget er å ta vare på det biologiske mangfaldet samt å sikre økologisk forsvarleg resursutnytting slik at naturen sin produktivitet og artsriksdom kan bevarast for framtidige generasjonar.

Samarbeidet i styret har vore godt.

Hafslo 04. mars 2025

Olav Bremer

- leiar -



FOTO: SIGVE URNE

Hafslovatnet er 5,7 kvadratkilometer, ligg 168 m over havet, er regulert med 1,3 m, er 5,5 km langt, opp til 1,8 km breitt og 85 m på det djupaste.

Hafslovatnet er ein næringsfattig innsjø med smeltevatn frå Jostedalsbreen. Siktedjupna i aug/sept er om lag 3,5m. Det er store areal med grunt vatn, spesielt i området mellom Veitastrondsvatnet og eit godt stykke ned i Hafslovatnet. Her ligg Hafslovatnet Fuglefredingsområde. Dette er det finaste våtmarksområdet i fylket. Området er gjort til eit fuglefredingsområde. Det er aure av svært god kvalitet i vatnet. Vatnet er regulert med kraftverk øvst i den lakseførande delen av Årøyelva. Området mellom Veitastrondsvatnet og Hafslovatnet, Straumane, er ein skjerma idyll og veleigna for sportsfiske.

Fiskekort for Hafslovatnet kjøper du på www.inatur.no

